

Fra: Morten Klementsens <morten@klementsens.net>
Sendt: onsdag 30. mars 2022 06:36
Til: Sara Sekkingstad; Postmottak Alver
Emne: Interpellasjon - Trafikksikker kommune

Hei Sara, vil gjerne ha følgende interpellasjon med til 7. april møtet i kommunestyret. Er jeg for sen til dette møtet, utsetter du interpellasjonen til neste kommunestyremøte.

Ha en fin dag videre!

MK

INTERPELLASJON - TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

– systematisk arbeid for eit tryggare lokalmiljø

Godt trafikksikkerheitsarbeid bidreg til å gi kommunen godt omdømme, færre skadar og nøgde innbyggjarar.

Då Stortinget behandla NTP 2014–2023, blei det vedteke eit etappemål om å halvere talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken til maksimalt 500 innan 2024. Arbeidet inngår i regjeringa sitt vedtak om at trafikksikkerheits- arbeidet skal baserast på ein visjon om at ein ikkje skal ha ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken – nullvisjonen.

Trafikksikkerheitsarbeidet er avhengig av ein brei og samla innsats der fleire sektorar er involverte for å førebyggje og redusere trafikkuulykker (jf. st.meld. 16, 2008–2009). Samferds- elsdepartementet har peikt på ansvaret til kommunane for å arbeide for trafikksikkerheit, som blir rekna som avgjerande for at ein skal nå nasjonale mål om reduksjon i talet på drepne og hardt skadde.

Kommunen er ein viktig aktør i trafikksikkerheitsarbeidet. Som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgivar, kjøpar av trans- porttenester og ansvarleg for helsa og trivselen til innbyggjarane har kommunen eit stort ansvar for å førebyggje ulykker. Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å drive med systematisk ulykkesførebyggjande arbeid i alle sektorar.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Alver bed at Kommunedirektøren saman med administrasjonen framlegg saksutgreiing av søknad som Trafikksikker kommune innan neste kommunestyremøte.

Morten Klementsens

Folkepartiet/Ua-gruppe

Gruppeleiar

47669999